

# Møtereferat

**Føremål:** Fast møte med PKO  
**Møtetid:** Torsdag 05.11.20  
**Stad:** Svein Ove sitt kontor  
**Referent:** Min Qiong Lin-Andenæs  
**Møteleiar:** Svein Ove Alisøy  
**Saksnr:**

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Sigmund Bjørhovde	Seksjonsleiar	Legar PSK	
Tor Christopher Fink	Seksjonsleiar	DPS dag	
Kaj Espen Nyland	Medisinsk fagleg rådgivar	PSK	
Normund Rolleiv Svoen	Praksiskonsulent	Fag- og utviklingsavdeling	
Anita Sørheim	Praksiskonsulent (Nordfjord)	Fag- og utviklingsavdeling	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent (Sogn)	Fag- og utviklingsavdeling	x
Svein Ove Alisøy	Avdelingssjef	PSK	
Min Qiong Lin-Andenæs	Administrasjonskonsulent	PSK	

## AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
1/20	Spørsmål frå PSK: <ol style="list-style-type: none"> <li>Er det ønske om at epikrisar også inneheld detaljerte planar for medikamentell oppfølging (antipsykotika, lithium m.m.)?</li> <li>Er det behov/ønske om drøfting relatert til innlegging og lovgjeving knytt til PHVL? I tilfelle korleis skal dette best gjerast?</li> <li>Kan praksiskonsulenten også vere behjelpelig med rekruttering. Typisk allmennleger med behov for «sjukehusår».</li> <li>Tilvisingar frå fastlegar – einskild fastlege sender mange tilvisingar med lite informasjon.</li> </ol>	
2/20	Eventuelt- Poliklinikk i Florø	

## Referat

Nr	Innhald
1/20	<p>Alisøy informerte om at PSK skal flytte til det nye bygget i veke 8 og 9 i 2021. Det vil bli redusert kapasitet på sengepostane våre i Førde, DPS døgn Tronvik og poliklinikken i Førde i perioden. Dette vil påverke tal innleggingar vi tar imot og at vi må skrive ut fleire pasientar frå sengepostane for å kunne halde eit lågare belegg på sengepostane. Vi gler oss til å tilby pasientar, samarbeidspartar, besøkande og tilsette nye og betre lokaler. Alisøy ønsker at praksiskonsulentane kan informere dette ut til allmennlegane.</p> <p><i>1)Er det ønske om epikrisane også inneheld detaljerte planer for medikamentell oppfølging</i></p>

**Svar frå Svoen:** Nei. Fastlegar treng ikkje spesifikk informasjon om einiskilde medikament i epikrisar, men det er viktig å skrive kven som skal følgje opp pasientane. Det bør også skrive i epikrisane om at pasienten evt. pårørande har fått informasjonen å oppsøke fastlegen sin for kontroll.

2)Er det behov/ønske for drøfting knytt til innlegging og lovgjeving knytt til PHVL?I tilfelle korleis skal dette best gjerast?

Bjørhovde kommenterte at det er ulik praksis blant allmennlegane. Ikkje alle har like god kjennskap til PHVL. Legar ved PSK vil gjerne tilby kurs/møtestad til fastlegane, slik at allmennlegane kan diskutere felles problemstillingar med dei.

Praksiskonsulentane var veldig positive til forslaget. Svoen forslø at PSK set opp eit kurs/webinar (ca. 60 min) etter arbeidstid ( kl. 16.00) for allmennlegane. Vidare presiserte Svoen at dersom PSK skal arrangere ein fagdag for allmennlegar, bør PSK sende inn ein søknad til den lokal kurskomitéen for godkjenning, slik at allmennlegane får «valfritime».

3) «Sjukehusår» for allmennlege

For å sikre betre samarbeid med kommunane, ønskjer PSK å få fleire allmennlegar til å ta eit «sjukehusår». Dei siste åra har få allmennlegar søkt om å jobbe på psykiatrisk klinikk. Mot denne bakgrunn ønskjer PSK at praksiskonsulentane kan hjelpe til å rekruttere fleire allmennlegar til å ta «sjukehusår».

Svoen orienterte om at det har skjedd endring i spesialistutdanninga i allmenmedisin. For å oppnå kompetanse i samhandling og selektert pasientpopulasjon vert det anbefalt minimum 6 mnd (tidligere 12 mnd) i godkjent utdaningsverksemd innan kliniske spesialister.

Det vart avtalt i møtet at PSK melder saka skriftleg til Svoen, og han tar ansvar å vidareformidle til allmennlegane.

4)Fastlegetilvising - einiskilde legar sender mange tilvisingar med lite informasjon.

Svar frå Svoen: Svoen rår til at PSK tar dette opp direkte med den/dei legane dette gjeld.

2/20

Situasjonen i Florø-poliklinikken

Fink orienterte om at ein overlege som jobbar i Florø-poliklinikk skal gå av med pensjon i januar, og det blir lite «legedekning» i Florø-poliklinikken frå januar. For å gi pasientar forsvarleg behandling ved Florø-poliklinikken, må PSK finne ut ein løysing i løpet av november/desember.

Neste faste møte med PKO blir siste veke i april, 2021(helst på ein torsdag), Alisøy kallar inn til møte.

## Aksjonspunkt

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid	Status
2/20	Kalle inn til neste PKO-møte	Svein Ove Alisøy	April, 2021	Utført. Innkalling er sendt ut. Neste møte 22.04.21, kl 0900-1000